Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18 | Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Modalen

Emne: Juletre og julehalm | Bygdelag: Eksingedalen

Oppskr. av: Johs. Reatekvål | Gard: Reatekvål

(adresse): Reatekvål | G.nr. 89 Br.nr. 1-9 -

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. etter eigi röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Nó er joletreet til vanleg brukt i bygdí.
2. Det fyrste joletreet me minnast var i 80-90 aari
3. Dei fyrste joletrei var poo festar, songforeningar barnefestar kvinneforeningar og s.l.
4. Me hugsar inkje noko ekskilt pynting av stova fyr joletreet kom.
5. Naar dei hev joletre vert inkje stova pynta ekstra, utan med hakka eine poa golvet -
6. Storleiken paa treet er svært ymsen - fra 1/2 m. til over tvo meter etter högdi i romet.
7. a. Fyr det var „Juletræpynt" aa foa kjöpt pynta dei treet med heimelaga ting - baade av mat- og klædevara -: jolegaavar - sidan vart det vanleg „juletræpynt" som gjekk i handelen - papírstas og kuler og glitter -.
b. Heimestöypte ljos til det kom stearinljas.
8. Treet vart pynta av baade voksne og born.
9. Smaa Joletre stend poa bord, store poa golv.
10. Ljosi vert kveikte Jolaftan, og sidan i vika millom jol og nyaar - ördet meir ljos att - kveiktjer dei og nyaars afta, trekongers afta o. fl.
11. Rundt Joletreet syng dei masse jolesongar og salmar: „O jul med din glæde" -

4182

„Eg er so glad kvar jolekveld." „No koma Guds englar med helsing i sky". „Fager er den himel blaa". „Fager er jordi" o. m. m. a.

12. Joletreet kann verta ståande framum kvitsunga og gjerne til tjugendedag jol.

13. Det er helst borni som „haustar" „treet" men i seinare tid er det ofte ein „jolenisse" som kjem inn med jolegaavone.

14. Til jolетre er brukt furu, gran – og eine.

15. Ein kann og laga joletre av fine, tette bjørke-toppar – av smaakvist som ein stor sopelime

16 Utanfor huset stod fuglebrusen" paa ei stong. dertil strødde ein" korn paa snøen aat fuglane. Stongi med jolebrusen stod ved løa.

1. Me kann inkje hugse um halm paa golvet jolaftа.

2. I dagane millom jol og nyaar – helst 4de dag jol gjekk borni paa gardin rundt til grannane og fekk „jolaskatt". med seg heimatt. Det var „kling", „kake" og „ost" .
Etter „storleiken" paa jolaskatten rekna dei hjartelaget aat grannekona.

4182

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING